

Tiltaksplan for inkludering -mot mobbing




UNDHEIM SKULE

2022 - 23

Innhald

VISJON	2
Om skulen.....	2
LOVVERK.....	3
Kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø.....	3
Olweus	8
KVA ER MOBBING?	8
OVERSIKT OVER RAPPORTERINGSANSVAR.....	9
OLWEUS-STANDARD.....	10
Mobbing og mistrivsel - kva skal skulen gjere?	12
Følge med	12
Gripe inn	13
Varsle	14
Undersøke	16
Setje Inn tiltak	17
Dokumentere	23
Aktivitetsplan.....	23
Ansvarsfordeling.....	25
Avslutning	27
Forenkla tiltaksplan	28



VISJON

Mot til å meina
Lyst til å læra
Tryggleik og trivsel for alle

Om skulen

Undheim skule er ein 1 – 7 skule, med 115 elevar og ca 20 tilsette, som ligg på Undheim i Time kommune. Undheim går under tilnamnet «Den grønne bygda» og er i langstrakt bygd med mykje jordbruk.

Vi arbeider for at alle både barn og vaksne skal kjenne seg inkludert i fellesskapet - alle kjenner seg trygge og trives på skulen vår.

Undheim skule har null-toleranse overfor mobbing og antisosial åtferd. Skulen skal vere ein god stad både å være og lære.

LOVVERK

Opplæringslova § 9A handlar om miljøet til elevane. Lovparagrafen forpliktar oss til å driva eit aktivt og systematisk arbeid for å fremja eit trygt og godt skulemiljø.

Kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø

§ 9 A-1. Verkeområde for kapitlet

Kapitlet her gjeld for elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skulefritidsordningar, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11.

§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal lage ein skriftleg aktivitetsplan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

§ 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenker ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

§ 9 A-6. Statsforvaltaren si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om aktivitetsplikta etter § 9 A-4 og § 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal statsforvaltaren avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette

urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skulemiljøet på skulen der eleven går når saka blir meldt til statsforvaltaren.

Skulen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka. Statsforvaltaren skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Statsforvaltaren si saksbehandling.

Kjem statsforvaltaren til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter § 9 A-4 og § 9 A-5, kan statsforvaltaren vedta kva skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og statsforvaltaren skal følgje opp saka. statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skule, jf. § 8-1 fjerde ledd.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skuleeigaren har ikkje klagerett.

§ 9 A-7. Det fysiske miljøet

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skulen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skulen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 9 A-8. Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljøet

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

Elevrådet kan oppnemne representantar til å vareta elevane sine interesser overfor skulen og styresmaktene i skulemiljø saker. Dersom det finst eit arbeidsmiljøutval eller liknande organ ved skulen, kan elevane møte med opp til to representantar når utvalet

behandlar sakar som gjeld skulemiljøet. Representantane skal bli kalla inn til møta med talerett og rett til å få meininga seie protokollert. Dei skal ikkje vere til stades når utvalet behandlar sakar som inneheld opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Representantane skal få den informasjonen dei treng, men ikkje opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt. I den mon det trengst, har dei rett til opplæring for å skjømte oppgåvene og fritak frå undervisninga.

§ 9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg

Skulen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter § 9 A-4 og § 9 A-5 og om høvet til å melde saka til statsforvaltaren etter § 9 A-6.

Dersom skulen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.

Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle sakar som er viktige for skulemiljøet.

§ 9 A-10. Ordensreglement

Kommunen skal gje forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskule, og fylkeskommunen skal gje forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skule.

Reglementet skal gje reglar om rettane og pliktane til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike sakar skal behandlast.

Skulen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

§ 9 A-11. Bortvising

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskuleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar i vidaregåande skule kan visast bort frå undervisninga i opp til fem dagar dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Det kan like eins fastsetjast at elevar kan visast bort for resten av skuleåret dersom brota er særleg alvorlege.

Rektor kan vedta bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Fylkeskommunen kan vedta at ein elev i vidaregåande skule skal visast bort for resten av skuleåret. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gje lærarar høve til å vise bort elevar frå si eiga undervisning for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar.

Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen.

For å klare å drive eit aktivt og systematisk arbeid for å fremje eit trygt og godt skulemiljø er Undheim skule ein Olweus skule. Det betyr at vi er med i eit evidensbasert tiltaksprogram der hovudmålet er å forebygge mobbing og skape eit trygt og godt læringsmiljø for alle.

Elin Aanestad (avd. leiar)
Grethe Gundersen (ATV)
Anne Gunn Feed Jakobsen (rektor)

KVA ER MOBBING?

Olweus programmet kjenneteiknar mobbing via tre forhold:

- Negativ eller vondsinna åtferd.
- Som blir gjentekne og føregår over tid
- I eit forhold som er prega av ubalanse i styrkeforholdet mellom partane; den som blir utsatt har vanskeleg for å forsvare seg.

Trygghet Vennskap Trivsel



OLWEUSPROGRAMMET

Professor Inger Lund ved universitetet i Agder og hennar forskningsteam opererer med denne definisjonen:

«Mobbing er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og hindrer muligheten til medvirkning»

[Vil ha ny definisjon av mobbing | Barnevakten](#)

Vel så viktig som å ha ein presis definisjon over kva vi vaksne definerer som mobbing er det at vi heile tida stiller oss spørsmålet om eleven har det bra eller ikkje og i det vidare: Kva kan vi gjere for at barnet skal få det betre?

I vårt systematiske arbeid for eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø jobbar vi etter Olweusstandarane. Dette medfører ein del tiltak som skal gjennomførast i løpet av eit skuleår. I det følgande vil vi finne ein skjematisk oversikt over desse tiltaka før vi går litt djupare inn i kva skulen skal gjere om vi oppdagar eller får melding om at nokon ikkje har det bra på skulen.

OVERSIKT OVER RAPPORTERINGSANSVAR

Aktivitet	Ansvar for rapportering	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor/ avd. leiar	Ved slutten av skuleåret
Sjekkliste kontaktlærer	Kontaktlærer, avd. leiar	Desember og mai
Referat Olweus klassemøte, skrivast i teams – Unheim skule pedagogisk plattform - Olweuskanalen	Kontaktlærer	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte, haust	Rektor/ avd. leiar	Rett etter gjennomført møte
Referat samtalegruppe	Gruppeleiar	Rett etter gjennomført møte
Introduksjonskurs for nytilsette	Olweus-instruktør	Hausten
Referat introduksjonskurs for nytilsette	Olweus-instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Sjekkliste elevråd	Kontaktlærer for elevråd	Rett etter gjennomført møte
Melding om avvik	Den som oppdagar avviket	Umiddelbart
Avvikshandsaming	Rektor	Ved behov
Sakshandsaming § 9a	Rektor	Ved behov

Det er viktig at ein har ei trygg og god sakshandsaming i mobbesakar, og skulen har rutinar og prosedyrar som skal kvalitetssikra dette arbeidet. Det er opplæringslova som er gjeldande i dette arbeidet.

Dersom skulen oppdagar eller mottar ei henstilling om mobbing, trår aktivitetsplikta inn.

Alle som utfører teneste eller jobbar i skulen har teieplikt. Opplysningar som er omfatta av teieplikta gjeld:

- personlige forhold
- opplysningar man ønskjer å holde for seg sjølv
- opplysningar som man får gjennom jobb

Når du skal dokumentere kva som har blitt gjort i ein enkeltsak, vil du måtte behandle personopplysningar. Det kan vere både ordinære personopplysningar og sensitive. Skulen har både plikt og rett til å behandle personopplysningar. Alle personopplysningar, skal behandlast i samsvar med personopplysningslovens reglar.

Me har alltid ei plikt til å:

1. Følge med
2. Gripe inn
3. Varsle
4. Undersøke
5. Setje inn tiltak
6. Dokumentere



Trygghet Vennskap Trivsel
OLWEUSPROGRAMMET

OLWEUS-STANDARD

TILTAK	TID	ANSVAR	DOKUMENTASJON
1. To gonger i året skal det arrangerast personalmøte der hovudelementa i det tidlegare og framtidige antimobbearbeidet blir gjennomgått og diskutert	Fellestid haust Fellestid vår	Rektor/avd.leiar	Referat på teams
2. Det blir gjennomført 5 pedagogiske samtalegrupper for personalet i løpet av året	3 haust 2 vår	Rektor/avd.leiar	Referat på teams
3. Det blir halde minst ein dags innføringskurs om Olweusprogrammet for nytilsette	Haust	Olweusgruppa (kommunalt)	Referat
4. Det blir gjennomført undersøking med Olweus spørjeskjema om mobbing blant elevane ein gong i året	Februar/mars	Rektor/avd.leiar kontaktlærarane	Oppsummering av undersøkinga frå Olweusgruppa sentralt
5. Inspeksjonsplanen blir gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert minst ein gong i året	August	Avd.leiar	Inspeksjonsreglar til alle
6. Lærarane og resten av personalet gjer aktivt bruk av dei fire skulereglane mot mobbing og handhevar dei så konsekvent som mogleg Reglane er: - Vi skal ikkje mobba andre	Kontinuerleg	Alle	Reglane skal henga i alle klasseromma.

- Vi skal prøva å hjelpa elevar som vert mobba - Vi skal også vera saman med elevar som lett blir åleine - Dersom vi veit at nokon blir mobba, skal vi fortelja det til dei vaksne på skulen eller til dei vaksne heime			
7. Trinna har minimum 2 Olweusmøte (klasse møte) i elevgruppa pr. måned	To gonger pr. mnd	Kontaktlærarane	Referat skal skrivast i teams for den einskilde kontaktlærar.
8. Mobbing blir tatt opp som tema på minst 2 elevrådsmøter pr. år	Haust og vår	Ansvarleg voksen for elevråd	Referat skal leverast rektor, og skrivast inn i teams
9. Mobbing skal vera tema i dei faste elevsamtalane	Haust og vår	Kontaktlærarane	Skjema/referat for elevsamtalar
10. Dei føresette blir halde godt orienterte om skulen sitt førebyggjande og problemløysande antimobbearbeid, minst på 1 trinnforeldremøte pr. år, i dei faste utviklingsamtalane og i FAU. Anitmobbearbeidet er og tema på foreldremøte for nye førsteklasseforeldre	Vår og haust	Kontaktlærarane Administrasjon	Referat
11. Skulen skal kjenna og bruka dei prosedyrane som er lista opp i Olweus-programmet og som skal brukast i arbeidet med mobbesakar	Kontinuerleg Informasjon til nytilsette	Kontaktlærarane Administrasjon	Ved avvik skal skjema for avviksbehandling leverast til rektor
12. Den som mottek skriv varsel før aktivitetsplan etter henstilling om mobbing. Oppfylging, avslutn.samt.	Ved behov	Kontaktlærar	Aktivitetsplan Referat oppfylging. Avslutningssamtale Alt skrives i Sikker sak

Mobbing og mistriivsel - kva skal skulen gjere?

Følge med

Alle tilsette på skulen har ei plikt til å følge med

Alle som arbeider på skulen har ei plikt til å følge med på kva som skjer på skulen og gripe inn dersom dei ser krenkingar som for eksempel mobbing. Dette gjeld først og fremst alle med ein arbeidskontrakt med skulen eller skuleeigar, uavhengig av om arbeidsforholdet er fulltid eller deltid, fast eller midlertidig, kortvarig eller langvarig. Det gjeld også for andre tilsette hos ein ekstern tenestelevarandør. Det er ikkje avgjerande om du mottar lønn for arbeidet, du har uansett plikt til å følge med dersom du regelmessig arbeider på skulen og du har kontakt med elevane.

Dette gjeld mellom anna:

- lærarar
- Tilsette i skuleadministrasjonen
- miljøarbeidarar
- helsesøster
- fagarbeidarar
- vaktmeister
- reinhaldarar
- aktivitetsleiarar
- kurshalderar i skulefritidsordning
- frivillige
- lærlingar
- praksisstudentar

Korleis kan du fange opp at elevar ikkje har det trygt og godt?

Det kan vere vanskeleg å oppdage mobbing, for eksempel utestenging, baksnakking og mobbing på nett. Det er derfor vitkig at du alltid er proaktiv og har sanseapparatet ope for at krenkingar kan skje.

Korleis oppdage at elevar ikkje har det bra?

- gjennom å snakke med elevane
- dei tilsette ser noko eller fangar opp noko i samtalar med andre elevar
- foreldre som tar kontakt fordi dei melder frå om det har skjedd noko på skulen.
- eleven fortel at han/ho mistriivest
- endringar i åtferd hos elevar, eller endringar i klasse- eller skulemiljøet.

- nokre elevar blir stille og trekk seg tilbake i leik eller deltar ikkje i leik og aktivitetar, mens andre trer tydeleg fram og gjer beskjed når ting blir vanskelege.
- endringar i klassar kan vere meir bråk og uro, endringar sosialt og kva for nokre barn som leiker saman

Me bruker i tillegg desse verktya for å fange opp at elevar ikkje har det trygt og godt?

- Årlege spørjeundersøkingar: Elevundersøkinga og Olweus-undersøkinga.
- Me har profesjonalisert vaktordninga vår. Det betyr gode rutinar for inspeksjon. Dei som har inspeksjon skal aktivt observere og vere tydeleg til stades for elevane. Dei må undersøke og gripe inn om dei mistenker krenkingar, og ha lav terskel for å informere kontaktlærarar, sosiallærar og leiinga om hendingar og observasjonar frå friminutt
- Skjema og spørsmål for å kartlegge det sosiale samspelet. Me brukar verktøyet «klassetrivsel» for å kartlegge.
- Elevsamtalar ein/to gonger i året – konkret spørsmål om mobbing
- Klasse møte- anna kvar veke – mobbing som tema med jamne mellomrom, temaplan for klasse møte henta frå Årshjulet for arbeid med trivsel og inkludering på Undheim skule.

Gripe inn

Undheim skule har nulltoleranse mot mobbing, vold, diskriminering og trakassering, men også mot mindre alvorlige krenkingar.

Kunnskapsdepartementet har valt å ta prinsippet om nulltoleranse inn i opplæringslova for å understreke kor viktig det er at skulen har tydelege haldningar på dette området.

Grip inn direkte og stopp krenkingar

Dersom du, som tilsett på skulen, overhører for eksempel hatytringar eller observerer meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnacking, skal du gripe inn direkte og stoppe situasjonen. Det kan for eksempel dreie seg om å stanse ein slåsskamp eller annan fysisk krenking, om å stanse ein utfrysningssituasjon eller stanse og irettesette elevar som kallar andre stygge ting. Plikta til å gripe inn er avgrensa til inngrep som er moglege å gjennomføre. Det betyr at tilsette ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølv eller krenke nokon av elevane for å stanse situasjonen, med mindre det er nødrett eller nødverje.

Ikkje alle kritiske utsegn og ueinigheiter er krenkingar

Kva som er ein krenking skal tolkast vidt, men ikkje slik at alle kritiske utsegn eller ueinigheiter er krenkingar. Skulens oppgåve er også å lære elevar å tenke kritisk og å respektere andre sine meiningar og overtydingar.

Kva tid skal me gripa inn?

- Når elevar ber vaksne om hjelp
- Der det er brot på skulen sine reglar
- Når det ser ut som nokon har det vondt

Grip heller inn *ein gong for ofte*.... Det gir signal om at vaksne ser og følgjer med – at vaksne bryr seg og har mot og vilje til å gripa inn.

Når kontaktlærer har fått kjennskap til mobbing må han/ho skaffa seg sikker informasjon.

Dette er grunnlag for den første samtalen med den som er blitt utsett for mobbing og dei som plagar.

Varsle

Alle som jobbar på skulen skal varsle rektor dersom dei ser eller mistenker at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette skal sikre at rektor får oversikt over korleis elevane har det på skulen og vil vere eit godt utgangspunkt for å følge opp enkeltsaker.

Rektor kan delegere oppgåva om å ta imot varslar til ein annan person på skulen, men kan ikkje delegere ansvaret. Rektor har ansvaret for at varslingane blir handtert på ein forsvarleg måte. Varselet skal skrivast i Sikker sak.

Lav terskel

Det skal vere lav terskel for kva som skaper mistanke til at ein elev ikkje har det bra på skulen. Plikta til å varsle rektor gjeld for all mistanke. Det kan for eksempel:

- basere seg på observasjonar av elevane

- tilbakemeldingar i undersøkingar
- beskjed frå foreldre eller medelevar
- aktivitet i sosiale media.
- at ein elev seier frå at han eller ho ikkje trivast på skulen

Kva når tilsette mobbar?

Det er ein eigen regel om skjerpa aktivitetsplikt i sakar der det er tilsette som krenker elevar. Dersom du mistenker eller ser at ein tilsett utøver vold, mobbar, diskriminerer eller trakasserer ein elev skal du straks varsle rektor som igjen skal varsle skuleeigar. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenker ein elev, skal den tilsette varsle skuleeigar direkte.

Strengare teieplikt for helsepersonell

Helsesjukepleiar og anna helsepersonell er underlagt ei strengare teieplikt enn andre tilsette på skulen. Dei har strengare teieplikt når det gjeld opplysningar om elevane. Dersom helsesjukepleiar har opplysningar om at ein elev ikkje trivast på skulen, og verken eleven eller foreldra samtykker til at helsesjukepleiar får lov til å varsle rektor, er helsesjukepleiar bunden av teieplikta

Når skal det varslast

Kor raskt ei sak skal varslast til rektor, må vurderast frå sak til sak.

Alvorlige saker skal varslast straks. Andre saker kan det vere forsvarleg å vente litt lenger med, for eksempel til slutten av skuledagen eller til oppsummeringar for veka.

Varsling skal skje skriftleg på e-post til rektor og skrivast inn som varsel i Sikker sak. Foreldre eller elevar kan og varsle ved å trykke på mobbknappen på heimesida.

I alvorlige tilfelle skal rektor varsle skuleeigar. Skuleeigar får da ein moglegheit til å bli kjent med saka og involvere seg i korleis den skal løysast. Kva som er eit alvorleg tilfelle, vil vere ei vurdering etter skjønn. Eksempel på alvorlige tilfelle er:

- sakar der krenkingane er særleg voldelige.
- dersom fleire elevar er involvert i mobbing av ein enkeltelev
- situasjonar der krenkingane har vart over lang tid utan at skuleleiinga har klart å løyse saka.
- digital mobbing på tvers av skular og grove truslar gjennom sosiale media

Undersøke

Dersom nokon som jobbar i skulen ser eller mistenker at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal dei undersøke saka med ein gong. Plikta til å undersøke har like lav terskel som plikta til å varsle. Viss elevar sjølv seier i frå om at dei ikkje har det bra, skal skulen alltid undersøke saka nærmare. Det er heilt nødvendig for å kunne setje inn gode, eigna tiltak. Kor grundig undersøkinga skal vere, er avhengig av skjønn, formålet med undersøkingane og kva situasjon ein står ovanfor i kvart enkelt tilfelle.

Ein krev meir av tilsette med omsorgsroller

Når det gjeld plikta til å undersøke, krev ein meir av personar som har ei omsorgsrolle overfor elevane, som for eksempel lærarar, miljøarbeidarar/fagarbeidar og rektor enn av personer med andre typar arbeidsoppgåver på skulen som for eksempel driftsleiar eller reinhaldarar.

Tilsette som mobbar

Dersom ein tilsett er den som mobbar, diskriminerer eller trakasserer ein elev er det enda strengare krav til å undersøke saka direkte.

Plikta til å undersøke betyr at skulen skal undersøke eleven si **oppleving** av skulemiljøet.

Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven er blitt krenka eller mobba.

Undersøkingane må ha som formål å få frem fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis eleven opplev skulemiljøet.

Hendingar utanom skuletid

Det kan vere aktuelt å undersøke hendingar tilbake i tid eller forhold utanfor skulen, dersom disse påverkar eleven sin kvardag på skulen.

Elevanes medverknad og rett til å bli høyr

Skulen skal sørge for elevmedverknad når dei undersøker saker. Dette skal gjerast ved at involverte elevar blir høyr, og barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn i skulens arbeid.

Skulen må ta omsyn til barnets beste i alle vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta.

Når skulen undersøker ei sak, kan dei observere elevane i friminutta eller i ein læringssituasjon, dei kan ha samtalar med dei som er involvert eller veit noko

om saka, dei kan bruke ikkje-anonyme undersøkingar, kartleggingsverktøy eller sosiogram.

Husk å ivareta elevane sitt personvern ved at du ikkje utleverer opplysningar om dei til andre.

Tips til gode samtaler

Skulen kan ha samtalar med dei elevane det gjeld, andre elevar, tilsette og foreldra.

I slike samtalar er det viktig å vere medviten kva ord ein bruker og korleis man skaper ein god og trygg stemning.

Tips til ein god samtale kan vere å

- passe på at du snakkar med forstålege ord
- gje den du snakkar med tid til å tenke
- avklare forventningane til samtalen
- vere medviten eige kroppsspråk
- stille opne spørsmål for å få frem barnet si oppleving
- be ein kollega om å gje tilbakemelding på korleis du er i slike typar samtalar

Det kan også vere nyttig å stille seg nokre spørsmål i forkant av samtalen som

- kva må vi snakke om før samtalen?
- kva veit vi, kva tar vi med oss inn?
- kva veit vi som vi ikkje kan fortelle vidare av omsyn til personvern?
- kva er målet med den første samtalen?
- Kven er samtalen for?
- kva er teikn undervegs på at vi har ein god samtale?

Setje Inn tiltak

Skulen har plikt til å

- setje inn eigna tiltak for alle elevar som opplev at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, uansett årsak
- følge opp tiltaka
- evaluere verknaden av tiltaka
- legge til eller endre tiltak dersom det er nødvendig

- Dette er også i samsvar med god pedagogisk praksis. At skulen følger denne plikta er viktig både for enkelteleven, men også for skulemiljøet som heilhet. Eit godt skulemiljø er ein føresetnad for at elevane får utvikle seg fagleg og sosialt.

Kva reknast som at ein elev har meldt frå?

Husk at det er eleven si eiga oppleving av at han eller ho ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som utløyser aktivtetsplikta. Det er skulens ansvar å fange opp at elevane seier i frå om at dei ikkje har det bra på skulen. Skulen skal ikkje bagatellisere elevane si oppleving av sitt eget skulemiljø. Skulen skal aldri avvise eller underkjenne ein elev si oppleving av utrygghet eller mistrivsel på skulen. Skulen skal ikkje stille strenge krav til kva det inneberer å seie frå, eller til at elevane skal bruke dei rette omgrepa. Det er nok at nokon fortel munnleg at dei ikkje har det bra på skulen eller at dei blir utsette for noko dei opplever som vanskeleg.

Kva dersom ein elev ikkje vil innrømme at han eller ho ikkje har det trygt og godt?

Skulens aktivtetsplikt går lenger enn å berre ta tak i situasjonar der elevane sjølv seier frå og ber om hjelp. Tiltaksplikta kan for eksempel utløyse at undersøkingar skulen har utført eller viss nokre observerer at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Det er ein del av skulens faglege vurdering å ta stilling til kva tiltak som er eigna, også der eleven er motvillig. Skulen er uansett forplikta til å vurdere barnets beste og det kan i nokre tilfelle vere barnets beste å setje inn tiltak sjølv om eleven ikkje ønskjer dette sjølv. Husk også i denne samanhengen at skulen aktivt skal ta reie på kva eleven meiner og høyre kva dei har å seie.

Kva er eigna tiltak?

For å finne frem til eigna tiltak er det viktig å ivareta barna sin rett til å bli høyrte og omsynet til barna sitt beste. Det er viktig å vurdere kva tiltak som ivaretar barna sine interesser best mogleg.

Eksempel på bruk av fagleg skjønn

Dei tilsette i skulen må bruke sitt faglege skjønn når dei skal vurdere kva tiltak dei skal setje inn.

- Tilpass tiltaka til den konkrete saka. Eit tiltak som har fungert godt for ein elev treng ikkje å fungere for ein annan elev i same situasjon.

- Ta utgangspunkt i årsakene til problema og vær medvitne om at alle sakar er unike og kan ha samansette problemstillingar.
- Ofte vil det vere behov for å setje inn fleire tiltak samtidig for å kunne løyse eit problem. I disse tilfella kan tiltaka sett i samanheng styrke kvarandre og sørge for at eleven får det trygt og godt på skulen.
- Husk at sakene skal løysast på lågast moglege nivå, men at det likevel er viktig å følge plikta om å varsle.

Kven kan tiltaka rette seg mot?

Tiltaka kan rettast mot

- den som blir mobba eller krenka
- den eller dei som mobbar eller krenker
- tilskodarar
- gruppe- eller klasse miljøet
- heile skulemiljøet

Våre prosedyrar ved mobbing

Individuell samtale med den som har mobba:

- Kontaktlærer har ein alvorleg samtale med eleven, han vert konfrontert med alvoret i situasjonen. Kan seia: "Nå har eg fått visst.... Kva er din versjon?"
- Læraren skal snakka med roleg stemme og forklara at han vil skriva opp det som skjedde
- Ikkje diskutera med eleven
- Læraren skal prøva å få eleven til å ta avstand frå mobbinga
- Prøva å få eleven til å oppføra seg positivt/nøytralt framover, overfor den han har mobba
- Oppfølgingsamtale innan ei veke. Gje beskjed om evt. vidare tiltak

Individuell samtale med eventuelt fleire som har vore med å mobba

- Må skje umiddelbart, slik at dei ikkje får snakkast

Gruppesamtale

- Kontaktlærer/evt ein annan møter alle som har mobba til gruppesamtale
- **Informasjon:** Referera essensen frå dei individuelle samtalane, slik at alle veit kva som har kome fram
- **"Avtale":** Samtale om kva som kan skje i ein liknande situasjon. Konkludera med ein positiv vilje til å gjera noko med mobbinga

- Informera om at den som har blitt mobba veit om samtalen, men at initiativet til samtalen har vore hos den vaksne
- **Oppfølging:** Samtale om ei veke – samtalane kan eventuelt fortsetja ei tid framover

Kontakt med heimen

- Skulen, kontaktlærer eller rektor/sosiallærer, tek kontakt med heimen dersom mobbinga held fram etter den andre samtalen

Samtale med den som har blitt utsatt for mobbing

Dette er ein samtale med ein person som har blitt krenka – trø varsamt.

- Vær diskret når eleven blir henta til samtale
- Unngå at samtalen blir lagt på eit tidspunkt der eleven har ein aktivitet som han/ho liker godt
- Skjerma rom
- Kontaktlærer sitt ansvar
- Fortel om hensikten med samtalen: hensikt å hjelpe – at eleven skal få det betre
- Fortel det du veit – få eleven til å fortelja kva han/ho har opplevd
- orientering om vid arbeid, kontakt med heimen, samtale med mobbaren...
- Fortel korleis du vil arbeida med mobbaren for at dette ikkje skal gjenta seg, eller at den/dei hevnar seg
- Forsikra deg om at den som blir mobba vil fortelja igjen dersom det gjentek seg
- Avtala oppfølgingsmøte om ei veke

"Den konfronterande samtalen"

Dette er samtale med den/dei som har mobba. Han/ho er også vår elev og treng hjelp til å slutta å mobba.

Kva tid? Så snart som råd.

Kvar? Skjerma rom. Samtalane kvar for seg, dersom fleire må dei ikkje få snakka seg i mellom.

Kven? Kontaktlærer og helst den andre vaksne som var i situasjonen, eller ein annan vaksen. (Sosiallærer)

Innhald i samtalen:

- Set rammene

- Legg fram dokumentasjon/indisier – ikkje diskusjon
- Konfronter direkte med det som har skjedd
- Krev stans av atferd
- Skisser vidare arbeid – konsekvensar, informasjon til heimen, opptrappingsplan, eleven som har mobba blir overvaka – dei andre vaksne veit dette
- Sjekk at eleven har forstått
- Avtal ny tid til samtale – ei veke etterpå

✚ Mobbing med dramatiske innslag - krisesituasjonar

Dersom det skjer mobbing med dramatiske innslag er det viktig å handla raskt. Mobbing med dramatiske innslag kan me i hovudsak dela i to:

- Ein elev vert utsett for fysisk eller psykisk vald av svært alvorleg grad.
- Den som har blitt utsatt for mobbing ropar om hjelp med t.d. sjølvmordsforsøk.

I begge desse situasjonane vil skulen trenga hjelp frå andre faginstansar.

✚ Når ein elev vert utsett for fysisk eller psykisk vald av svært alvorleg grad

- Eleven treng hjelp frå hjelpeapparatet fort.
- Skulen seie rolle: Den vaksne som er i situasjonen har ansvar for å skaffa hjelp, varsla administrasjonen og heimen.

✚ Når elevar utfører mobbing med fysisk eller psykisk vald av svært alvorleg grad

- Handla raskt – gripa tak i mobbaren straks...
- Aktuelt å melda til politiet.
- Hjelp frå fagpersonar utanfor skulen.
- Informasjon til heimen.
- Oppfølging.

Når den som har blitt utsett for mobbing "ropar om hjelp" – sjølvmoedsforsøk

- Eleven må få sakkunnig hjelp.
- Skulen må arbeida med miljøet rundt eleven.
- Kontaktlærar og skule må få råd og rettleiing frå hjelpande instans.
- Vera tydeleg på informasjon.
- Arbeidet må skje i samarbeid og forståing med den som har blitt utsett for mobbinga og heimen hans/hennar.

Tiltaka skal vere lovlege

Aktivitetsplikta gjeld så lenge det finns eigna tiltak som kan gje eleven eit godt og trygt skulemiljø. Tiltaket skal, i tillegg til å vere eigna, også vere lovleg. Skulen kan for eksempel ikkje bruke tvang og eleven eller foreldra kan ikkje samtykke til at loven brytast. Dei aller fleste tiltak som blir sett inn i ei sak om elevars skulemiljø krev ikkje ein eigen lovheimel eller enkeltvedtak. Men tiltak som avgrensar enkeltelevars rettigheter etter loven eller pålegg nye plikter, krev heimel i lov. Nokre gonger kan det også vere at enkelte tiltak, som for eksempel skulebytte, krev enkeltvedtak. Bruk av sanksjoner på skulen skal ha heimel i ordensreglementet, og det er ikkje tillate å bruke andre sanksjoner enn det som er fastsatt der. Husk at barnekonvensjonens artklar om barnets beste og barnets rett til å bli høyrtd gjeld også når man skal vurdere eigna tiltak.

Digital mobbing

Aktivitetsplikta gjeld så lenge ein elev opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt og det finnast eigna tiltak som kan bli sett inn.

Dersom tiltaka ikkje har oppnådd formålet, må skulen fortsetje arbeidet og vurdere om tiltaksperioden skal forlengast eller om det skal bli sett inn fleire eller andre tiltak.

Skulen skal følge opp saka og evaluere om tiltaka dei har sett inn har ført til at eleven har fått det betre på skulen. Det er lurt å involvere eleven og eventuelt foreldra i evalueringa av tiltaka. Viss evalueringa viser at eleven fortsatt ikkje har det trygt og godt på skulen, skal skulen vurdere å setje inn andre eller meir intensive tiltak. Oppfølgingstiltak vil ofte også kunne vere arbeid i skule- eller klasse miljøet.

Jærskulen har oppretta eget beredskapsteam som kan hjelpe skulane i å løyse utfordrande mobbesakar.

Ein kan lese meir om digital mobbing på Olweus sine nettsider [Olweus](#)

Oppfølgingstiltak

I oppfølginga bør skulen vurdere om det er behov for å setje inn tiltak retta mot seinskadane som mobbing kan medføre. Her kan det vere aktuelt med tiltak for å rehabilitere miljøet og dei som har vore involvert.

Eksempel på skulens oppfølging av barn og unge som blir eller har blitt mobba kan vere å etablere eit trygt miljø, støtte utviklinga av ein god sjølvkjensle og gje hjelp til gode og positive samspelsrelasjonar. Dersom nokre av dei involverte har fått angst eller utvikla traume, er det hensiktsmessig å gje terapeutisk oppfølging i samarbeid med instansar utanfor skulen, som for eksempel BUP. Det er også viktig å følge opp dei som har mobba andre. Husk å understreke at det er handlingane deira som ikkje kan akseptast og ikkje dei som person.

Dokumentere

Skulen må dokumentere skriftleg kva dei gjer for å sørge for at elevar har det trygt og godt på skulen. Dokumentasjonen skal sikre at:

- elevar og foreldre får eit bevis på at skulen tar saka deira seriøst og at dei forpliktar seg til å hjelpe eleven
- Statsforvaltaren skal raskt få oversikt dersom saka meldes dit
- at saka er tilstrekkeleg belyst ved eventuelle tilsyn, erstatningssaker eller straffesaker.

Skulen har to dokumentasjonsplikter

1. Dokumentere kva tiltak dei planlegger å gjennomføre - gjennom ein aktivitetsplan
2. Dokumentere kva dei har gjort for å følge opp delplikta i kvar enkelt sak, det vil seie følge med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak

Aktivitetsplan

Aktivitetsplanen er ein skriftleg plan som skulen må lage i det dei får vite at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, enten gjennom undersøkingar på eget initiativ eller etter at ein elev sjølv seier frå.

I aktivitetsplanen skal det minimum stå:

- kva problem som skal løysast
- kva skulen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som er ansvarleg

- når tiltaka skal evaluerast

Mal for aktivitetsplan ligg i Visma Flyt sikker sak. Den digitale elevmappa som vi nyttar.

Det kan også vere lurt å ha med ein oppsummering av samtalene med elevar og foreldre. I tillegg kan det vere lurt å ha med ein oppsummering av kva som er skulens vurdering av saka.

Det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast i den enkelte saka. Det vil for eksempel kunne vere forsvarleg med ein kortare og meir skjematisk aktivitetsplan i sakar der skulen set inn tiltak tidleg i prosessen og tiltaka er enkle, enn i sakar der tiltaka og saksforholdet er meir samansett og komplekst.

Ein aktivitetsplan treng ikkje å knytte seg opp mot ein bestemt elev, men kan ta for seg ein situasjon eller utfordring der fleire elevar er involvert.

Aktivitetsplanen er ein erstatning for enkeltvedtaket. I nokre tilfelle vil det fremdeles vere aktuelt å fatte enkeltvedtak. Dette gjeld i tilfelle som skulebytte og bortvisning.

Skulen må dokumentere kva tiltak som har blitt gjort for å løyse enkeltsaken. Det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast. Planen skal vere skriftleg og vere skrevet i eit format som kan tas ut og gis til fylkesmannen, viss det er behov for det.

Dokumentasjonen gjeld arbeidet skulen gjer for å sikre at krava til å følge med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak er oppfylt i den enkelte saka.

- Plikta til å følge med. Her vil dokumentasjonen i stor grad gjelde aktiviteter som omfattar fleire elevar, grupper eller heile skulen.
- Plikta til å gripe inn, varsle, undersøke og eventuelt setje inn tiltak. Dokumentasjonsplikta vil i større grad omfatte kva skulen gjer i den enkelte saka.

Ansvarsfordeling

Skuleeigar

Skuleeigar si plikt er å sørge for at skulen har riktig og nødvendig kompetanse.

Rektor

Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skulen veit at dei har plikt til å gripe inn, og at dei veit korleis dei skal gjøre dette. I tillegg:

- har eit overordna ansvar for at det blir arbeidd etter kvalitetsplanen
- sikra at lærarane har tid og fora til å drøfta mobbeproblematikk, og halda seg fagleg ajour
- har ansvar for å sjå til at alle lærarane arbeider etter dei retningslinjene som er bestemt i Tiltaksplanen for inkludering. Dette skal vera eit tema på medarbeidarsamtalen
- må sørge for at nytilsette vert sett inn i planen
- har ansvaret for at mobbeundersøkinga blir gjennomført kvart år
- 5 møte i året med samtalegrupper
- Inspeksjonsplanen blir gjennomgått og vurdert ein gong i året

Alle tilsette

- har ansvar for å kjenna til planen mot mobbing, og vera aktive i å oppdaga, rapportera og stansa mobbing. Dei skal ha nulltoleranse til mobbing
- skal vera gode rollemodellar for elevane ved skulen

Kontaktlærarane

- har hovudansvar for å gjennomføra Tiltaksplan mot mobbing i si gruppe
- har ansvar for å førebyggja mobbing, han/ho skal gjennomføra klassemøte minst anna kvar veke med Olweusrelaterte tema
- har ansvar for oppfølging av enkeltelevar/saker ut frå planen som er laga
- har ansvar for å informera heimen, og fylla ut skjema
- fast tema på elev- og utviklingsamtalane
- tema på foreldremøte minst ein gong i året

Sosiallærar

- vere orientert om, og hjelpe til ved mobbesakar på skulen

LLE - gruppa

- må sørge for at diskusjon om temaet mobbing blir satt på planen med jamne mellomrom

Elevane

- må møte, og ha ei felles haldning mot mobbing
- skal gje beskjed om dei ser mobbing
- må hjelpe elevar som blir mobba, t.d. henta ein vaksen
- må ha trening i å oppdaga mobbing, og vita at dei skal gje beskjed om det
- får også grundig opplæring i kva som skjer når ein blir mobba, og øving i å ta avstand frå mobbing

Foreldra

- har ansvar for å melda frå til skulen om barna deira blir mobba
- skal også seia frå til kontaktlærar, eventuelt rektor, om dei kjenner til at andre blir mobba,
- det gjeld både i skuletida og på skulevegen
- bør snakka med eigne barn om mobbing, og ta avstand frå mobbing
- kan visa engasjement og interesse for klassemiljøet generelt
- ansvar for å halde seg orientert om Olweusarbeidet
- er ein viktig ressurs i arbeidet mot mobbing, dei må kjenna til teikn på mobbing og vita at dei kan/skal ta kontakt med skulen
- må seia i frå om eigne barn blir mobba, dei må også gje beskjed om dei får vita om andre som blir plaga
- Tiltaksprogrammet mot mobbing skal med jamne mellomrom presenterast for foreldra
- mobbing skal også vera tema på utviklingssamtalane to gonger i året
- mobbing som tema på foreldremøte

Elevråd


- Olweustema på minst 2 møte

Avslutning

Undheim skule har sidan våren 2003 delteke i Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd. Programmet skal førebyggja og redusera eksisterande mobbepblem i skulemiljøet. Ein viktig del av programmet er å skulera, bevisstgjera og auka kunnskapen i personalgruppa.

Hovudprinsippet, som ligg til grunn for Olweusprogrammet, er å skapa eit klima som kan kjenneteiknast av varme og engasjement frå vaksne med faste grenser mot uakseptabel atferd.

Olweusprogrammet har vore styrande for personalet sitt arbeid med Tiltaksplan for inkludering, og arbeidet vert kvalitetssikra.



Forenkla tiltaksplan

